

Eit magasin frå Eidfjord kommune NR.1 | 2016

EIDFJORD NYTT

Eidfjord Fjell og fjordbygg

Benedicte Maurseth

Ny barnehage

Kulturprisen 2016

Foto: René Roverts



Klart svar

den rådgjevande folkerøystinga om kommunestruktur 23.mai, sa eit klart fleirtal, 62%, nei til at Eidfjord kommune skulle slå seg saman med nabokommunane Granvin, Ulvik og Ullenvang.

Eidfjord kommune har fylgd oppmadinga frå regjering og Storting, og teke nabopraten. Ut frå dette vart det laga intensjonsavtalar som grunnlaget for den rådgjevande folkerøystinga. Med ei oppslutning på nær 70%, er det klart at kommunestyret må ta dette på alvor.

Historisk har Eidfjord vore ilag med Granvin og Ulvik fram til 1891, og i perioden 1964 til 1977 var Eidfjord ein del av Ullenvang. Etter at Eidfjord vart eigen kommune att frå 1.januar 1977 har kommunen delteke i ei rekke samarbeidsorgan med nabokommunane. I felleskap har me løyst ei rekke oppgåver til beste for innbyggjarane.

Noverande regjering har peika på at dei mange interkommunale samarbeidsorgana utgjer eit demokratisk problem, og at dette er eit av argumenta for større kommunar. Sjølv om det sikkert finst døme på at ikkje alle interkommunale samarbeid fungerer optimalt, har eg ikkje

opplevd dette som eit stort problem i vår region.

Resultata frå folkerøystingane i nabokommunane våre gav ulike resultat, og ikkje alle gav eit like klart svar som i Eidfjord. Det er difor i skrivande stund ikkje avklart korleis det endelege kommune-kartet vil sjå ut i Hardanger, men alle kommunane skal ta debatten i løpet av juni. Etter at alle kommunestyra har gjort sine vedtak, har Fylkesmannen fått i oppgåve å koma med si tilråding til Stortinget. Dei aller fleste parti har sagt at denne reforma skal gjennomførast utan bruk av tvang, men fleire har opna for at einskildkommunar ikkje kan stå i vegn for gode og rasjonelle løysingar. Det endelege svaret på kor mange kommunar me vil ha i landet etter 1. januar 2020 vil me difor ikkje ha før etter at Stortinget har handsama saka i løpet av várse-sjøneste år.

Uansett resultatet av kommunereforma, vil kommunestyret i Eidfjord ha fleire store saker å arbeida med dei komande åra. Me går no inn i ein periode med nedgang i kraftinn-tektene på grunn av låge straumpri-sar over lengre tid. Prognosane

tyder på at me må redusera drifta med opp mot 25 millionar kroner dei nærmaste åra. For å møta denne utfordringa må me gjera det me kan for å løysa oppgåvene smartare. Det vert likevel vanskeleg å halda fram med å yta ein del tenester som i dag er gratis, eller vert ytt til ein sterkt subsidiert pris.

Sjølv om dei økonomiske tidene vert trøngare, må me ikkje mista motet. Det skjer spennande ting og. Det første av dei nye utsiktspunkta ved Vøringsfossen er på plass, og planprosessen rundt Eidfjord Resort og reguleringsplanen for Eidfjord sentrum er i sluttfasen. NorthConnect arbeider vidare med kabelprosjektet frå Simadal til Skottland med sikte på anleggsstart før 2020. I tillegg til desse store prosjekta er det gledeleg å sjå at mindre aktørar og tek kontakt med kommunen for å utvida eller skapa ny næring med nye arbeidsplassar.

Eg ynskjer alle nye og etablerte gründarar lukke til!

Anved Johan Tveit

-Ordførar-

INNHOLD

- 4** Eidfjord Fjell og fjordbygg
- 10** Benedicte Maurseth
- 12** Besteforeldreaksjonen
- 14** Smånytt frå Bygdaheimen
- 15** Anløpsliste
- 16** Sommarles kampanje
- 18** Eidfjord skulekorps
- 19** Ny barnehage
- 22** Kunstprosjektet «Hagen»
- 26** Knerten i Eidfjord
- 27** Kulturprisen 2016
- 29** 17. mai
- 30** Pandoriaa

EidfjordNytt
vert utgjeven av
Eidfjordkommune,
5783 Eidfjord

Heimeside:
www.eidfjord.kommune.no
Tlf: 53 67 35 00
Fax: 53 67 35 75
Epost:
postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd:
Glenn Wiik
Aud Opheim Lygre
Brynjulf Mugaas
Gunn Sandvik
Lisbet B. Celik

Grafisk Produksjon:
Voss Prenteverk
Grafiske Tenester AS

Foto: René Roverts



Magdalena Zarzeckia og Piotr Artur Zarzecki

Eid fjord fjell og fjordbygg

Eid fjordnytt har hatt ein liten prat med eit polsk ektepar som har etablert si eiga verksemd innan byggjebransjen i Eid fjord. Verksemda har vore i Noreg sidan 2004, men vart etablert i kommunen i 2013. Namnet på verksemda er Fjord & Fjellbygg. Verksemda teiknar og byggjer hus og hytter slik kundane vil ha dei (utformar individuelle prosjekt). Marknaden er både i og utanfor kommunen. Ekteparet Magdalena Zarzeckia og Piotr Artur Zarzecki står bak verksemda. Dei kjem ifrå Białystok i Polen, har to born, Amelia på 8 år og Emilia på 6 år. Piotr fortel at han for 10 år sidan møtte Lars Liseth som då selde hyttetomter. Piotr si verksemd samarbeidde då med verksemda Solhytten. Piotr og Lars etablerte etterpå og eit samarbeid.

Magdalena og borna kom til Eid fjord i 2013 – 2 dagar etter opninga av Hardangerbrua. «First time I fall in love with this place», fortel Piotr. Både Magdalena og Piotr gjev uttrykk for at dei er svært begeistra over naturen i kommunen. Magdalena har mastergrad både innan marknadsføring og psykologi. Frå 2008 -2013 hadde ho eit eige terapisenter i Polen. 5 personar arbeidde då ved senteret. I dag eig og driv mora senteret sammen med to andre tilsette. Magdalena arbeider òg med polske innflyttarar i Bergen der ho m.a. har temamøte innan psykologi. Piotr er utdanna innan økonomi og skogsarbeid. Han har fritidsinteresser innan astronomi, vitenskap og fysikk. Både Magdalena og Piotr likar dykking særleg i ferietida. Fjord & Fjellbygg har vore i Noreg sidan 2004 og

Tekst: Brynjulf Mugaas

er i stendig utvikling. I nemnde periode har her vore oppført over 100 hytter/hus. Byggjeprosessen pågår i samarbeid med Optimera. Her vert levert solide, økonomi og energieffektive hus. Piotr teiknar bygningane medan Magdalena har ansvaret for interiørløysingar. Ho har elles generelt kontorarbeid. Verksemda samarbeider med selskapet Optimera når det gjeld konstruksjon- og kalkulasjon. Dette er eit av dei største selskapene i sitt slag i landet. Forutan Piotr og Magdalena er her tilsett 8 byggjarar/tømrarar frå Polen. I dag arbeider to av desse i Øvre Eid fjord, tre i Knarvik og tre i Telemark. Magdalena og Piotr fortel at her vert bygt om lag fem-seks hytter og to hus pr. år. Hytteprisen ligg mellom 1,8-3 mill. kroner og husprisen mellom 2,2-3,5 mill. kr. Dei fortel at



Dei har bygd eige hus i Ø. Eid fjord.



«First time I fall in love with this place»

her Berre vert nyttar norsk materiale grunna god kvalitet. Dei fortel vidare at dei m.a. har bygt hus for Baiba Gercane og for Svein Arne Tyssebotn i Øvre Eid fjord og hytte for Irene og Ove Viveli på Viveli.

Lars Liseth og Svein Arne Tyssebotn gjer grunnarbeidet for Fjord & Fjellbygg. Magdalena og Piotr har elles samarbeid med Jan Ole Kvamsdal (røyrelleggjararbeid) og verksemda El-fag - Kinsarvik (elektriske innstalleringar). Me spør om kva planar dei har for verksemda i framtida. Ekteparet fortel at dei vil satse meir innan marknadsføring/reklamekampanje m.v., utvikla nye produkt og freista oppføra rimelege hytter. Me spør Magdalena og Piotr om kva inntrykk dei har av Eid fjord den tida dei har vore her. Dei synest både at folk flest er opne og høflege. Dei er glade for at både døtrene trivast her. Dei vil særleg framheva kulturskulen og lærarane ved Lægreid skule. Dei er vidare glade for at både døtrene snakkar godt norsk sjølv om dei er fødde i Polen. Dei vil også framheva det gode samarbeidet med Eid fjord kommune.

KULTURFJORDENS KAMMERSERIE JULI 2016

XXXXXX:PROGRAM XXXXXX:

3.

LA MER - OPNINGSKONSERT

INGER-KRISTINE RIBER | HILDE ANNETTE BU | DORTHEA BERGO | MALENA BREISTEIN OG SØLVI ELISE HALVORSEN

10.

PLAYIT! & SINGIT!

WORKSHOP OG KONSERT MED BARN OG UNGE,
WORKSHOP 6.-10. JULI, KONSERT 10. JULI
RAGNHILD T. HAUGLAND | INGER-KRISTINE RIBER |
SØLVI ELISE HALVORSEN

17.

KATHARINA FROGNER KOCKUM

SOPRAN - KLASSISKE PERLER

24.

BETTINA FLATER

VOKAL OG FLAMENCOGITAR

29.

OLSOKFEIRING I GAMLE EIDFJORD KYRKJE

STEMNINGSFULLE TONER I
GAMLE EIDFJORD KYRKJE
INGER-KRISTINE RIBER |
BETTINA FLATER |
SØLVI ELISE HALVORSEN

Ny Bygdaheim

Tekst: Gunn H. Sandvik

Det har tidlegare i Eidfjordnytt vore orientert om planane for bygging av ny Bygdaheim. Etter desse planane skal Bygdaheimen ha to vanlege sjukeheimsavdelingar og ein demensavdeling, tilsaman 20 plassar. Det skal i tillegg byggast 10 omsorgsbustader. Desse bustadene er integrerte i sjølve sjukeheimsbygget og vil difor kunne ha ein fleksibel bruk. Sjukeheimen vil ha eige vaskeri og eit moderne kjøkken tilrettelagt både for «kok og server» og «kok og kjøl».

Detaljplanlegging av sjukeheimen var ferdig i april og prosjektet er no sendt ut på anbod. Prosjektet er lyst ut som generalentreprise. Det betyr at kommunen får ein entreprenør og ein fastsett pris å forhalda seg til i byggeperioden. Det var 6 erfarne entreprenørselskap som etter prekvalifisering vart godkjende som tilbydarar. Anbodsopninga er 27. mai så i løpet av juni vil me få veta både pris og kven som vert tildelt kontrakten. Siden det var så stor konkurransen blant entreprenørselskapa for å

rekna på anbodet, er det godt håp om at prosjektet kan gjennomførast innan gode økonomiske råmer. Me er såleis inne i ein spennende periode. Kommunestyret vil etter planen få prosjektet til endeleg godkjenning før ferien.

–Den nye sjukeheimen skal bygjast på same tomta som den me har i dag.
–Organisering av pleie- og omsorg sitt tilbod til innbyggjarane i byggeperioden.

Om alt går etter planen startar bygging av midlertidig sjukeheim til hausten. Sjukeheimen vil i byggeperioden få 18 pasientrom og er austfløyen av Bygdaheimen slik me kjenner den i dag. Ved sida av – mot Eidfjord Fjell & Fjord Hotel – vil det verta bygd på brakker med kjøkken, aktivitetsrom, kjøl og vaktrom. I andre etasje på brakka vert det bygd nokre få kontor samt garderober og frisør og fotpleielokale. Romkapasiteten på sjukeheimen vert bygd ned med seks plassar

og dei fire aldersheimsplassane vil falla vekk.

Eidfjord kommune tek sikte på å driva fullverdige tenester i byggeperioden, men med ei vridning på tenestetilbodet til å gje fleire hjelp i heimen. Slik omlegging er nødvendig når ein i realiteten reduserer med ti plassar. Resultatet av reduksjonen vil vera at det ikkje vil vera like lett å få tilbod om eit rom på sjukeheimen om nokon i heimetenesta skulle ynskja det eller pårørande skulle ha ynskje om det. Derimot vil ein ta sikte på å gje fleire brukarar meir hjelp i eigen heim og i større grad nutta tryggleksalarm og andre tekniske innretningar.

Litt om ambulansestasjonen

Tekst: Erik Sandvik

Helse Bergen HF overtok i september 2014 ansvaret for drifta av ambulansen i Eidfjord frå Helse Fonna HF. Eidfjord kommune eig ambulansestasjonen og har leigeavtale med Helse Bergen HF som gjeld til oktober 2017. Eidfjord kommune meiner det er viktig å sikra vidare ambulansedrift med base i kommunen. Kommunen har difor vore i møte med Helse Bergen for å få veta om det er spesielle krav som må oppfyllast for at

leigeavtalen kan fornyast. Det har i desse samtalene kome fram at innkvarteringsdelen i stasjonen må oppgraderast. Kommunen arbeider difor med planer for dette slik at kommunen og Helse Bergen kan inngå ein ny langsiktig leigeavtale. Det er målet at arbeidet med oppgradering av stasjonen kan starta til hausten og at det soleis kan samkjøраст med arbeidet med den nye sjukeheimen.



Offisiell opning av frivilligsentralen

Foto: Timo Knoch

11.mai var det offisiell opning av frivilligsentralen. Den held til i Evjo aktivitetssenter sine lokale i gamle NVE-bygget fram til ny bygdaheim står ferdig. Den er open kvar onsdag og er eit tilbod til alle aldersgrupper og begge kjønn. Stikk innom og sjå kva dei driv med.



Matematikkens dag

Tekst/foto: Elevar ved media og kommunikasjon

Tysdag 26.april hadde Lægreid skule matematikkens dag. Matematikkens dag er ein dag der man blir delt opp i forskjellige grupper og får ulike oppgåver. Det var 4 stasjonar og to grupper skulle på ein stasjon samtidig. Dei fire ulike stasjonane var:

- Brettspel
- Kreativ matematikk
- Fysisk aktivitet
- Matematikk og symmetri

Aktivitetane forgjekk på SFO, i 4.-klasserommet, på plenen, grusbana og gangvegen. Elevane hadde fire økter og nokre små pausar tillegg til matpausen. Matematikkens dag varte frå 8:30 til 13:10. Grunnen til å ha matematikkens dag er for å markera matematikken.



Det beste med matematikkens dag var at alle var med og alle var engasjerte og positive. Mange syntes at det var kjekt at elevane var organiserete på tvers av trinna.

Annonsera i Eidfjordnytt?

Eidfjord kommune må redusera driftsutgiftene. Dette får konsekvensar også for Eidfjordnytt.

I 2016 gjev me ut to utgåver mot tillegare tre. I tillegg opnar me for annonsar. Opplaget er 1400. Alle husstandar i Eidfjord, 200 husstandar i Granvin, utflytta eidfjordingar og hytteigarar får magasinet levert

gratis i postkassene sine. Kanskje din bedrift er interessert i å annonsera i jolenummeret?

Prisar:

- heil side kr. 16000
- ½ side kr. 8000
- ¼ side kr. 4000

Ta kontakt med:
Glenn Wiik, tlf. 53 67 35 82, epost;
glenn.wiik@eidfjord.kommune.no

Rapport frå Telemarkforskning

På grunn av låge kraftpriser, reknar Eidfjord kommune med ein nedgang i årlege inntekter på 20- 30 millionar. Kommunestyret bestemte difor at kommunen burde få eit eksternt firma til å gå gjennom drifta og ressursane til kommunen. Telemarksforskning fekk jobben. 11. mai presenterte dei rapporten sin for kommunestyret. Eidfjord kommune har fram til no hatt ein solid og stabil økonomi. Grunnen til dette har vore store inntekter gjennom ulike kraftskattar. 52 % av inntektene våre kjem frå kraft. Difor vert me også sårbare når desse inntektene fell, og me har starta ein prosess med å redusera driftsutgiftene.

I samband med budsjettvedtaket i desember 2015, hadde rådmannen eit framlegg om å redusera driftsutgiftene med 4 mill. for 2016. Dette vedtok kommunestyret. Telemarksforskning har no lagt fram ein rapport med nye nedskjeringar på ca 20 mill. fram mot 2020. I dette ligg 40 konkrete framlegg til kostnadsreduserande tiltak

fordelte på alle tenester, administrasjon og politikk. I tillegg har dei lista opp 12 tiltak som ikkje er talfesta, men som vil gje reduserte driftsutgifter. Dei har vidare lagt fram 25 kvalitetsfremjande tiltak. Telemarksforskning meiner også at kommunestyret bør vurdera innføring av eigedomsskatt. Viss me aukar inntektene med eigedoms-skatt, treng me ikkje redusera drifta så mykje. 66 % av driftsutgiftene til Eidfjord kommune er løn til tilsette. I tillegg går ein del prosentar på andre utgifter knytt til drift av barnehage, skule, sjukheim, vatn- og avlaup, helse, kultur, kart og oppmåling m.m. Me eig 24.000m² med bygningar. Dei skal vedlikehaldast, vaskast og ha straum.

Elles går 10% av driftsutgiftene våre til ulike tilskotsordningar. Generelt yter me gode tenester i Eidfjord, og mange av brukarbetalingane er langt under det innbyggjarane i andre kommunar betaler. Ein del tilbod i Eidfjord er gratis. Dette har vore mogeleg på grunn av den gode økonomien til kommunen. Rapporten frå Telemarksforskning

vert eitt av fleire viktige grunnlag for det vidare arbeidet med å sikra kommunen ein berekraftig økonomi og ei god styring av ressursane. Telemarksforskning har ikkje sett særleg på konsekvensar av dei 40 framlagde tiltaka. Rådmannen vil sjå på dette i tida som kjem saman med sine leiarar og dei tillitsvalde. Politikarane vert også svært viktige i prosessen fram mot ny økonomiplan for 2017-2020. Kommunen sitt overordna mål er ikkje å tena pengar, men å levera gode tenester til innbyggjarane og legga til rette for næringsutvikling og nye arbeidsplassar. Me skal no gjennom eit omstillingsprogram for å tilpassa oss ein ny kvardag. Dette vil både tilsette og innbyggjarane merka. Sjølv om me alle må stramma livreima litt, vil Eidfjord framleis vera ein god kommune med å bu i.

Viss du vil lesa rapporten til Telemarksforskning, finn du han på heimesida til kommunen, under Sjølvbetening > rapportar.

Aud Opheim Lygre
rådmann

Søknadsfrist for motorferdsel



Søknadsfrist for motorferdsel i utmark med fly/helikopter. Skal søknaden din handsamast før sommarferien, må du søkja før. 1.juli.

Motorferdselsutvalet.



Benedicte Maurseth

33

Tekst: Glenn Wiik Foto: Anders Bergersen

Korleis det går i livet er ofte ei blanding av planlagde og uventa hendingar og samantreff. Folkemusikaren og forfattaren Benedicte Maurseth har nytt godt av begge delar. For å ta hell og lukke først – Eidfjord kulturskule sendte eit brev med heim då ho var 8 år gammal. Der stod det at interesserte elevar kunne velja instrument og få undervisning, mor til Benedicte føreslo hardingfele sidan det var eit velkjent og respektert instrument på våre kantar, og ho skulle få møta ei levande legende som ho gjev mesteparten av æra for at ho har kome dit ho no er – Knut Hamre frå Granvin.

So kjem endelause timer med øving, pågangsmot, oppmuntring frå familien og glede med å skape musikk. På den tida var det ikkje gratis å nyutta tilboda i kulturskulen. Ei vanleg undervisningsøkt var på 22 minutt, men foreldra til Benedicte meinte at skulle det verta noko utvikling måtte ein ha meir tid. Dei ynskte å prioritera musikkundervisninga og betalte ekstra for å utvida undervisningsøktene til 45 minutt.

Det er ein lang veg å gå – det å traktera hardingfela på eit høgt nivå. Mange gongar vil det seg berre ikkje, men heldigvis hadde Knut Hamre meir å by på enn det reint musikalske. Timane med han var ei eventyrleg blanding av musikk, filosofi, litteratur, biletkunst og livskunnskap. Til dømes sa han aldri at ho spelte feil – han sa: «der spelte du litt annleis, det synst eg var ganske fint». Med sine musikalske og pedagogiske evner bygde

han sjølvtillit, musikkglede og kunnsskap som var heilt avgjerande for at Benedicte skulle utvikla sitt eige kunstnarlege fundament og musikalske uttrykk.

I tillegg til Knut Hamre har musikklinja på Voss og timane der med Per Indrehus ved Voss Gymnas vore veldig viktige. På Voss kom ho inn i eit utviklende miljø og fekk møta musikarar i alle aldrar og både kjønn som hadde mykje å by på.

Etter kvart vart ho etterspurd utøvar i samband med ulike arrangement, først i Eidfjord og elles i Hardanger, men seinare også i Tyskland.

Knut Hamre inviterte henne med på plateinnspeiling i 2006, Rosa i botnen – og i 2007 vann ho Rikskonsertane sitt lanseringsprogram Intro-Folk. Der fekk ho mellom anna komponera og framføra musikk til sceneversjonen av Jon Fosses roman Andvake ved Det Norske Teatret i 2009. Seinare, i 2015, sette ho musikk til endå ein sceneversjonen Fosse, Morgan og kveld ved Nationaltheatret.

I 2010 gav ho ut si første soloplate, Alde. Benedicte har også debutert som forfattar. I 2014 gav ho ut boka Å vera ingenting – samtalar med spelemannen Knut Hamre (Samlaget).

No arbeider ho med ei ny bok for Samlaget som forhåpentlegvis er ferdig i 2018. Den handlar om kvinnelege felespelarar frå år 1700 og fram til i dag. Det var langt imellom dei kvinner som spelte fele til langt

ut på midten av 1900-talet. Kanskje var det statusen og inntekta som hardingfelespelar hadde gjennom hundredals bryllaupsspelinger mannoflka ikkje ville dela. Eller kan skje strenge pietistiske haldningar på motsett side, som hindra dei i å utfalde seg med såkalla «verdsleg musikk» på hardingfela og flatfele. Men etter kvart har det endra seg, heldigvis, og no har me framifrå kvinnelege hardingfelespelarar og folkemusikarar elles i alle delar av landet.

Hardingfela si historie tek til på 1600-talet. Musikken er meir unik enn instrumentet. Hardingfela og liknande strenginstrument med understrenger finn ein over store delar av verda, og musikarar frå ulike kulturar finn fort tonen. Sjølv har ho ei hardingfele bygd av den kjende felemakaren Håvard Kvanddal i 1997.

I Noreg er det veksande interesse for hardingfele, flatfele og folke-musikk generelt, men det er særleg på Vestlandet og i Telemark og Setesdal hardingfelemusikken har dei sterke tradisjonane, og rekrutteringa er god. Benedicte liker å undervisa neste generasjon hardingfelemusikarar. Ho synst sjølv ho er heldig som har fått så mykje, no vil ho gje noko til andre. Det er det mange som er glade for.

Og når du har så mykje å by på som Benedicte, frå hjartet – ærleg og ekte, då treng du ikkje leita etter nye oppdrag og utfordringar. Dei leitar etter deg.

Avslutting av skulpturutstilling

Tekst: Lisbeth B. Celik

Me har bestemt å avslutta den årlege skulpturutstilling og seier endeleg takk for samarbeidet med Norsk Billedhoggarforening som me har hatt dei siste 24 åra. Bakgrunnen for denne avgjersla er at transportkostnadene er svært høge, og i tillegg har styret i NBF bestemt at det skal leggast til ein avgift på kr 5000,- pr. skulptur me stiller ut.

Me har igjennom åra kjøpt ulike skulpturar frå utstillinga me har hatt, og vil no vurdera om det er mogleg å kjøpa inn ein stor skulptur, og at ein då ser seg endeleg ferdig med møblering med skulpturar på Tusenårspllassen.

Me får tilbakemeldingar frå både innbyggjarar og besøkande at skulpturane me har i Eidfjord er av høg kvalitet, og at det er ein stor attraksjon for besøkande. Me vil retta ein stor takk til Norsk Billedhoggarforeining for eit langt og godt samarbeid.



Hardanger Energi AS
Lokal kraftleverandør i

i Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang og Ulvik. Det er fleire fordeler ved å handle lokalt, noko du kan få direkte glede av.

Me har alle dei vanlegaste kraftavtalane. Få tilbod til verksemda, huset og/eller hytta dykkar.

Kontakt oss på:
post@kraft.hardangerenergi.no Tlf 53 67 16 10

Eidfjord kommunale kino



Eidfjord kommunale kino vert stengt i perioden 3.–31. juli pga. ferieavvikling. Fyrste filmframsyning vert 7. august.

Besteforeldrenes klimaaksjon

Dugnad mot global oppvarming

Er du deltakar eller tilskodar?

The poster features a polar bear standing on ice, set against a background of the Earth's horizon and a bright orange sunset. The text is overlaid on a blue circle and a red diagonal band.

Besteforeeldreaksjonen

«Klimadugnaden kjem til Eidfjord»

Tekst: Halfdan Wiik

Med 50 000 kroner i støtte frå fylkeskommunen besøker aktivistar frå Besteforeldrenes klimaaksjon eit dusin kommunar i løpet av året. Målet er å bidra til meir klimavenlege haldningar og handlingar blant folk flest. Det dreier seg om at Paris-avtalen skal følgjast opp, og då er det ikkje berre miljøorganisasjonane som må engasjere seg, seier fylkesleiar Thelma Kraft.

Vi utfordrar alle frivillige organisasjonar, politikarar, lokalt næringsliv, skule, lokalt kulturliv og kyrkje. Det avgjerande er at vi greier å mobilisere breitt. Difor satsar vi òg på samarbeid med folkebiblioteket, som er ein utruleg viktig og aktiv institusjon rundt om i kommunane.

Ved Paris-avtalen er verdas land einige om at global oppvarming er reell, og at det er påtrengjande viktig at vi raskt får ned klimagassutsleppa. Høgutsleppsland som Noreg skal redusere sine utslipper før avtalen byrjar å gjelde i 2020. Det gjer oss alle ei kraftig marsjordre.



Thelma Kraft med to av sine barnebarn.

«Vil du vere deltakar eller tilskodar?»

Eg trur eg vil seie det så sterkt at det er eit spørsmål om menneskeverd, vår evne til i fellesskap å styre framtidta vår, og ikkje overlate problema til barn og barnebarn. Det dreier seg om å sjå muligheter og utvikle sin eigen handlingskompetanse, seier Thelma.



Slagord for kampanjen er «Vil du vere deltakar eller tilskodar?» Du velgjer sjølv om du vil vere ein passiv TILSKODAR til det som skjer med vår verd, eller om du vil vere ein aktiv DELTAKAR i arbeidet for å løyse problema. Ingen kan gjøre alt, men alle kan gjøre noko. Alle kan verte ein del av løysinga, ut fra sine føresetnader og sine muligheter.

Besteforeeldreaksjonen har vore i kontakt med mellom anna ordføraren i Eidfjord, og satsar på å få til eit arrangement i løpet av september eller oktober. På førehand har dei sikra seg eit samarbeid med Bjerknessenteret for klimaforsking ved Universitetet i Bergen. Forskarar vil bidra med klimafaglege foredrag, med å kommentere og svare på spørsmål frå ulike hald. Kommunane på si side vil verte inviterte til å orientere om sitt miljø- og klima-engasjement, og gje status for sine klimaplaner.

Onsdagsmøteplassen

Foto: Timo Knoch

Damene har Sæbø skule som sosial møteplass.

Smånytt frå bygdaheimen

1 Det er travelt å jobba på bygdaheimen, men på torsdagar er det litt ekstra, for då kjem ein gjeng med utebrukarar som ein frisk bris til oss med godt humør, gode samtalar og mykje latter. Me startar dagen med ergoterapeut Eva Meland som har trim med fokus på balansetrenering i ca. 3 kvarter. Etterpå er det kaffi og kaker og ein god prat. Deretter er det BINGO, og kl. 13 er det heimelaga middag som kokkane våre står for. Og gjerne med eit glas raudvin til.



1



- 2** Dei kosar seg med puslespel, og ivrige er dei begge – Anna Engtrø og Marte Seip.
3 Harmoni med minikonsert på bygdaheimen i januar.
4 Målfrid Hereid er no blitt pensionist. Me laga til avslutningsfest for henne på Vik pensionat med gode arbeidskollegaer.



3




4

Tekst/Foto: Grethe Mauseth

Anløpsliste Eidford Cruisehamn 2016

Dag	Dato	Ank-avg.	Namn skip	Brt.
Juli				
mandag	04.07.2016	1000-1800	Prinsendam	38848
torsdag	07.07.2016	0800-1700	Europa 2	42830
søndag	10.07.2016	0930-2000	AIDASol	71304
mandag	11.07.2016	0800-1430	Black Watch	28613
tirsdag	12.07.2016	0700-1400	Koningsdam	99500
onsdag	13.07.2016	0800-1800	Mein Schiff 1	76998
tirsdag	19.07.2016	0800-1800	Koningsdam	99500
onsdag	20.07.2016	0930-2000	AIDASol	71304
tirsdag	26.07.2016	0700-1800	Pacific Princess	30277
fredag	29.07.2016	1200-1800	Magellan	46052
fredag	29.07.2016	1300-1700	Albatros	28518
lørdag	30.07.2016	0930-2000	AIDASol	71304
August				
mandag	01.08.2016	0800-1800	Seabourn Quest	32346
torsdag	04.08.2016	1000-1800	Rotterdam	62000
fredag	05.08.2016	0800-1700	Prinsendam	38848
tirsdag	09.08.2016	0930-2000	AIDASol	71304
fredag	12.08.2016	1100-2000	Koningsdam	99500
søndag	14.08.2016	1000-1600	Voyager	15271
fredag	19.08.2016	0930-2000	AIDASol	71304
lørdag	20.08.2016	1230-1700	Marco Polo	22080
mandag	22.08.2016	0700-1600	Braemar	24344
mandag	29.08.2016	0930-2000	AIDASol	71304
September				
torsdag	01.09.2016	1230-1830	Magellan	46052
onsdag	07.09.2016	0800-1400	Balmoral	43537
torsdag	08.09.2016	0700-1800	Pacific Princess	30277
torsdag	08.09.2016	0930-2000	AIDASol	71304
mandag	12.09.2016	0700-1300	Artania	44656
mandag	19.09.2016	0700-1300	Artania	44656
torsdag	22.09.2016	0930-2000	AIDASol	71304
tirsdag	27.09.2016	1130-1700	Magellan	46052



KVEN STAL MJØLNER?
LES HISTORIA, LØYS MYSTERIET

TA DEL I SOMMARLES.NO

Sommarles er ein digital lesekampanje for 1.-7. klasse frå 1. juni til 31. august. Registrer bøker du les på sommarles.no og saml poeng, få kule premiar og lesetips, les sommarlesforteljinga, løys oppgåver og følg med på kva vennane dine les!

Snuti **VESTFOLD BIBLIOTEKENE** **VESTFOLD FYLKESKOMMUNE** **HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Bli med på sommarens kulaste lesekampanje!

Tekst: Timo Knoch



Frå 1. juni til 31. august kan du som går i 1. til 7. klasse vera med på Sommarles 2016 saman med barn frå nesten 200 andre kommunar i landet – frå Vestfold, Østfold, Hedmark, Akershus, Finnmark, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Buskerud, Rogaland, Hordaland og Telemark. Sommarles er for alle, og du konkurrerer først og fremst med deg sjølv. For kvar bok du les og registrerer på sommarles.no, får du XP (poeng) og går etter kvart opp i nivå. I Sommarles kan du lesa både vanlege bøker, e-bøker, lydbøker, teikneseriebøker, eller du kan bli lest for av nokon andre, all lesing tel og gjev poeng. Og sjølvsagt har me premiar. Du kan få både digitale trofé til profilen din på nettsida, og kule premiar som du hentar på biblioteket. Sommarles er først og fremst nettbasert, det vil seia at du registrerer bøker, får lesetips, løys oppgåver og kan følgja med på kva vennene dine les på nettsida sommarles.no. Her får du også tilgang til ei superspande fantasyforteljing skrive av forfattaren Mari Moen Holsve. Sjekk ut sommarles.no for meir info.

Til foreldre/føresette

Det skal være gøy å vera med på Sommarles og denne lesekampanjen er laga for å motivera barn til å lesa av eiga lyst! I tillegg får barna som les jamleg i løpet av sommaren halde i hevd lesekunnskapane sine gjennom ein lang ferie. Nokre barn les på fritida utan nokon ekstra motivasjon, men me veit også at dei barna som ikkje gjer det, startar opp med eit dårlegare utgangspunkt ved skulestart neste år. Me håpar at du vil hjelpe oss med å motivera barnet ditt til å vera med på Sommarles 2016!

Sommarles er ein flott lesekampanje uansett kor de skal feriera i sommar, ta turen innom Eidfjord folkebibliotek eller sommarles.no for meir informasjon!

Strikkekunst

Foto: Bergliot Maria Veivåg



EIN DEL AV
KULTURLIVET
DER DU BUR

VI

Samfunnsansvar frå
SparebankenVest

Eid fjord skulekorps

Det er onsdag. Det er ein flott dag fordi det er øving, men denne onsdagen, 27.april, er det ein ekstra flott dag fordi dirigent Tord Marøy har med seg flunkande nye messingblåsarinstrumen. Dei er kjøpt inn av kulturskulen. Elevane er heldige, dei betaler ikkje ei krone for verken instrument eller undervisning. Kommunen prioriterer å gje alle born gratis kulturskuletilbod.

Det er fantastisk kjekt at det er blåst liv i skulekorpsset. Det er mange år sidan det kom slike tonar frå øvingsromma på skulen, men no har me glede av ein engasjert, dyktig og triveleg dirigent som kjem kvar veke og held øving med 5 elevar frå mellomtrinnet. Dei byrja sist haust og har lært mykje. Eg veit ikkje om du nokon gong har prøvd å få liv i ein trompet eller tuba, men det er ikkje lett å få det det til å låta som det skal.

Første målsetjing er å vera med i 17. mai-toget. Her skal dei spela saman med vaksne hornmusikarar frå Hardangerbrua Musikklag som har fått det til å svinga dei siste par åra. I tillegg til flotte instrument har elevane fått seg uniformar.



Sjefsdirigent Tord Marøy saman med flinke og blide musikantar.

Tekst/Foto: Glenn Wiik

Dei har kvilt seg lenge nok no, minst 20 år i eit rom på kommunehuset. Heldigvis er dei tekne godt vare på og ser ut som om dei kjem rett frå fabrikken. For elevane er det ekstra kjekt å spela i uniform, då vert det eit ekte orkester.

Tord Marøy fer som ein levande virvelvind med undervisning i fem kommunar. Han bur i Fedje. I tillegg til undervisning i heimkommunen jobbar han i kulturskulen i Radøy, Ulvik, Granvin og Eidfjord. Han har mange lovord om rekruttane sine og synst det er kjekt å sjå framgangen og spelegleda hos den oppvekande generasjonen. Sjølv spelar han alle slags blåseinstrument, men nett no er det tuba som er favoritten. Neste skuleår vil fleire av elevane på skulen verta introdusert for denne flotte hobbyen. Då håper og trur Tord at Eidfjord skulekorps får fleire medlemer. Og når me ser spelegleda til medlemene i Eidfjord skulekorps, er det godt håp om at denne kulturelle aktiviteten vil blomstra i åra som kjem.



Andesleppet 2016

Foto: René Roverts

10. klasse arrangerte andeslepp i Eio. Lovens lange arm tok ansvar med oppryddinga.

«Å jasså! Du trudde du skulle sleppa unna?»

Ny barnehage

Tekst/Foto: Aina Næss

Me har det siste året hatt ei spanande tid med bygging av ny barnehage. Det har vore kjekt å følgja med på for liten og stor.

Dei siste vekene har for personalet gått med til å flytta møblar, leikar og diverse andre ting frå «gamle bygget» Bjørnebær og Blåbær, og over til dei nye avdelingane som heiter Molte og Tyttebær. Ved hjelp av vikarar og fint ver, har borna vore veldig mykje ute og flyttinga har difor gått heilt etter planen.


Onsdag 18. mai var første dagen born og personale skulle ta i bruk sine nye avdelingar. Men før det hadde borna fått omvisning i nybygget. Alle var einige om at dei gleda seg til å få nye avdelingar. Det var glade og forventningsfulle born som dukka opp i barnehagen onsdags morgen og dei måtte bruka litt tid på å utforske dei fine nye avdelingane.

I løpet av hausten skal born og personale i Hereid barnehage flytta opp i Modnen barnehage. Men først skal gamledelen renoverast og så skal dei eldste borna flytta inn att. Dei avdelingane vil heita Blåbær og Eple.

Bygdafolk er velkommen til å ta ein titt i nye fine og lyse lokale.

- 1 Molteavdelinga
- 2 Ny fin klatrevegg
- 3 Tyttebæravdeling





Rusfritt arrangement

Foto: Bergliot Maria Veivåg

Det var mange ulike aktivitetar på rusfritt arrangement i Kinsarvik



Fritidsklubben

Foto: Bergliot Maria Veivåg

På fritidsklubben er det kjekt å vera. Sosialt samvær og venlegsinna matfat.



Toneskredo ynskjer nye medlemmar



Tekst: Marit Stadheim

Toneskredo er eit blanda-kor frå Eid fjord som vart starta i 1990, koret hadde såleis 25-års jubileum i 2015. Det er eit kor med variert program. I tillegg til eigne prosjekt, har koret hatt fleire prosjekt saman med profesjonelle aktørar, og nokre prosjekt saman med Chorus-80 frå Ullensvang.

I haust mangla Toneskredo dirigent for vårsemesteret, og når spørsmålet kom, om Inger-Kristine Riber kunne tenke seg å ta på seg dirigentjobben for Toneskredo, kasta ho seg rundt og ho spurte om Toneskredo kunne tenke seg å vere med på eit overraskingsprosjekt. Dette skulle dreie seg om dikt som bestemor hennar, Haldis Riber, hadde skrive. Saman med jazzmusikaren Lene Anett Killingmo heldt ho på å skriva musikk til dikta som kom til å fylla ein heil konsert.

Rett etter påske vart det arrangert eit helgeseminar med den profesjonelle kor- og orkesterdirigenten Rita Mikhailova som ein del av prosjektet. Det var veldig kjekt og lærerikt å vera med på for alle kormedlemar.

I april vart det urframføring av prosjektet «Du sildrande bekk» med nykomponert musikk til nynorske tekstar av Haldis Riber. Konsernane vart framført i Eid fjord og på Voss med to kor, Toneskredo frå Eid fjord og damekoret D'KOR frå Voss, i tillegg til 5 profesjonelle musikkarar, 3 solistar og ein opplesar. Ein stor suksess!

No gler me oss til eit nytt og spennande haustsemester med Tom Jarle Istad Kristiansen, kordirigenten frå Sørlandet som flytta til Voss. Han er gift med tidlegare verdsmeistar i skiskyting, Gro Marit Istad Kristiansen, og dei har 3 born.



Tom Jarle Istad Kristiansen.

Tom Jarle har utdanning som lærar i musikk. Han er dirigent for fleire kor, innanfor fleire stilartar og genrar. Han har undervist i kordireksjon ved Ansgar Høgskole i Kristiansand og han er ein utøvande pianist og songar. Han har vore rektor ved Sound of happiness kompetansesenter, ein musikkskule for psykisk utviklingshemma i Kristiansand. Han lagar dessutan arrangement og føredrag for næringsliv med fokus på motivasjon og teambuilding, med musikk som kommunikasjonsmiddelet. Dessutan skriv han låtar og produserer musikk for amerikanske gospelartistar. Han har mange

musikkvenner i Chicago. No gler han seg til å jobbe med Toneskredo og leia koret mot nye musikalske høgder. Og du kan vere med, om du vil! Me ynskjer nye og tidlegare kor-entusiastar hjarteleg velkomne til å vera med i Toneskredo.

Haustsemesteret til Toneskredo vil sjå slik ut:

Me øver annakvar onsdag, men tre timer (kl 19-22) kvar gong. Me øver fram mot ein jolekonsert som skal vera i Eid fjord kyrkje, søndag 18. desember. Øvingskveldane vert 7 og 21. september / 5. og 19. oktober / 2., 16., og 30. november / 13. desember.

Så vert det generalprøve og konsert 18. desember.

Toneskredo vil fortsetja å vera ei kulturell kraft i bygda i mange år framover, og er avhengig av at nye og tidlegare medlemmar vert med. Ein treng ikkje vera over gjennomsnittet musikalsk for å vera med i Toneskredo. Mest av alt tel glede over å syngja i lag med andre. Me har fokus på at det skal vere kjekt og sosialt på øvingane våre, og at me skal glede publikum med songen vår. Ta kontakt med Marit Stadheim tel 47250120, så får du vite meir.

Kunstprosjektet «Hagen»

regi av DKS - Den Kulturelle Skulesekken, deltok barnetrinet ved Lægreid skule i det visuelle kunstprosjektet «Hagen» under leiing av kunstnarane Anette og André Marandon. Resirkulert plast var einaste ingrediens i dei mange kunstverka som vart laga og plasserte i blå «oasar» denne veka.

Ei heil veke i mai samarbeidde elevar ved Lægreid skule om å lage ein 3D-hage ute. Oppgåva vart gjennomført ved å bruke resirkulert plast. Lærarane deltok også i prosjektet, men det var elevane som bestemte kva og korleis dei skulle lage alt.

Kultursjef Lisbeth Bygstad Celik var snorklyppar og heldt tale under opninga av den ferdige kunsthagen fredag. Dei mange fine kunstverka viste at elevane hadde hatt ei skapande og kjekk skuleveke. Dei flittige leiarane Anette og André Marandon fekk ein velfortent takk i frå rektor Anne Istad og ein samanleggbar stol i gåve. Dei sa seg nøgde med prosjektveka, og sa at elevane hadde vore kreative og flinke. Etter opninga var det omvising og dans. Barnehagen og dei føresette var inviterte til å vere med på dette.

Hovudmålet med prosjektet «Hagen» er å fremje individuell og kollektiv kreativitet, å skape medeigarskap, å stimulere til samarbeid mellom alle deltagande partar, og å utvikle samhandling og sosial kompetanse. Prosjektet er utvikla slik at det rommar alle, og aktivt inkluderer elevar med spesielle behov.

Sidan arbeidet med prosjektet går over fem dagar, gir det rom for fordjoping og utprøving-eit demokratisk kunstprosjekt der alle møtest som likeverdige partar. Leiarane for prosjektet var kunstnarane Anette og André Marandon. Annette har erfaring som formidlingsleiar og formidlingskonsulent frå fleire kunst-og kulturinstutusjonar i Bergen, og som kurator for utstillingar for dei minste på Barnas kulturhus.



Leiarane for prosjektet var kunstnarane Anette og André Marandon.

Som kunstnar har André erfaring med stadspesifikke og sosiale kunstprosjekt i det offentlege rom, i tillegg til å ha gjennomført kunstprosjekt for og med barn og personale i ulike barnehagar i Bergen.

I desse prosjekta står brukar-medverknad sentralt-barna vert inkluderte frå og med idéutviklingsfasen. Elevane ved Lægreid skule har ved to høve tidligare møtt dei to kunstnarane, først då dei



«Nedteljinga til villreinjakta har byrja. Eg håpar berre at eg forsvinn i mengda av alle dei andre flotte bukkane.»

Tekst: Aud Jorun Skjerven
Foto: Lægreid skule



teikna «hagar» på plastpresenting samfunnshuset sist haust, og på «flaggdagen» no i vår då dei plasserte gule flagg på stader i nærmiljøet der dei likte å opphalde seg. «Hagen» er eitt av ni kunstprosjekt som fekk støtte av prosjektet INK 2013. INK er en forkorting for «inkludering», og viser til fokuset på å skape kvalitetsproduksjonar for og med barn og unge med spesielle behov.

Saken forsetter på neste side ▶





Arrangement i Eidfjord 2016



25.02 – 28.02 Hardangervidda/Maurset Expedition Amundsen 2016

Fra Haukeliseter til Maurseth i Eidfjord, 100 km på ski med pulk i Amundsens skispor over Hardangervidda. Lag- og indiv. klasse.
www.xtremeeidfjord.no



17 – 19.06 Eidfjord Eidfjord småbanecup

Årleg fotballturnering for born.
www.smaabanecup.no



05.08 kl 18.00 Cruisekaien i Eidfjord Eidfjord Minitriathlon

1/10 av det store "Isklar Norseman Xtreme Triathlon", 400 meter svømming, 20.6 km sykling og 4 km løping.
<http://eidfjordil.no/minitriathlon>



12 – 14.08 Start på Hjelmaberget Felles fottur til Hårteigen 1690 moh

Med kjentmann og kløvhest på Hardangervidda inkl. 2 overnattingar på Hadlaskard. Felles måltid.
Kontakt: thomas@varbergstunet.no



03.09 kl 10.00 Eidfjord Hardangervidda Marathon

Heil – og halv marathon med høgfjells sti, elvekryssinger og løping i trange dalar i Eidfjord. Start i sentrum og målgang i Øvre Eidfjord (halv ved Vøringsfossen).
www.xtremeeidfjord.no



14 – 16.10 Øvre Eidfjord Hardanger Matkulturfestival

Sal av tradisjonsmat, underhaldning, kurs, foredrag, konsern og aktivitetar for store og små.
www.hardanger-matkulturfestival.no



12. – 16.05 Eidfjord, Ullensvang og Odda Hardanger Musikkfest

Programmet finn du på nettsida.
www.hardangermusikkfest.no



23.06 kl 18.00 Ostangen Jonsokfeiring

Jonsokbryllup og barnetog frå gamlekyrkja kl 17.30 til Ostangen. Grilling, bål og kos i Ostangen. Arr: 1. klasse ved Lægreid Skule



06.08 kl 05.00 Eidfjord Norseman Xtreme Triathlon

Verdas fremste ekstremtriathlon, med start i Eidfjord og målgang på Gaustatoppen.
www.nxtri.com



20.08 Eidfjord Voss – Geilo sykkelritt

same arrangør som Bergen – Voss rittet, rittet går over Hardangerbrua og via Eidfjord.
www.vossgelo.no



08.10 Quality Hotel & Resort Vøringsfoss Temafest

Den årlige temafesten på Quality Hotel & Resort Vøringsfoss, tema for festen blir opplyst når datoene nærmar seg, følg med på Facebooksida vår!
www.resortvoringsfoss.no



03.12 kl 20.00 Hardangerviddahallen Rakafiskfest

Kåring av Hardangers beste rakafisk. Dans og underholdning.
www.hardangerviddanatursenter.no

For informasjon om andre aktivitetar og overnatting i Eidfjord:

www.visiteitfjord.no

Knerten i Eidfjord



Hausten 2015 vart Eidfjord kommune kontakta av Paradox filmselskap og fortalte at dei ønskte å leggja den nye produksjonen av knerten-film til Eidfjord. To helger vart det arrangert Street Casting og fleire i Eidfjord fekk biroller i filmen. I mars 2016 kom produksjonselskapet med 50 personar som budde på Quality hotell Vøringsfoss i tre veker. Det var 20 personar/bedrifter i Eidfjord på lønningslista til Paradox. Eidfjord Fjell & Fjord Hotel sto for catering av lunsj til crewet i Paradox gjennom dei tre vekene dei var i Eidfjord.

Lilliebror og Knerten hadde sin bustad i Bergsliskårane, og elles vart det spela inn scener frå Simadal, Lægreid, Hæreid og i fjellet. Paradox film har brukt tenester for ca 1,5 mill. i Eidfjord og det har vore ein god investering for bygda.

Sjølv melder dei at dei følte seg veldig godt motteke, dei fekk mykje god hjelp og vil tilrå andre produksjonsselskap å leggja innspeling av film til Eidfjord. Til gjengjeld var det mange av oss som fekk stabkrus og blomar som takk for all tilrettelegging og hjelp gjennom innspelingsperioden.



Foto: Ragnar T. Hereid

1 Frå innspelinga i Krossdalen.



Foto: Lisbeth B. Celik



Foto: Ragnar T. Hereid

2 Mange i arbeid før opptak.

Tekst: Lisbeth B. Celik



Kulturprisen 2016

Tekst: Anved Johan Tveit
Foto: Manfred Menze

17. mai hadde eg gleda av å dela ut Eidfjord kommune sin kulturpris for 2016 til Bjørne Møen.

I retningslinjene for kulturprisen står det mellom anna at prisen kan tildelast til einskildpersonar, grupper eller lag som har gjort seg fortent til prisen gjennom stor frivillig innsats for kulturlivet i Eidfjord.

Bjørne Møen har i mange år lagt ned ein stor frivillig innsats for kulturlivet i Eidfjord, sjølv om han er so heldig å ha kulturarbeid som yrke. Han kan med rette kallast eit JA-menneske, som stiller opp seint

og tidleg. Kvar gong han får ei utfordring svarar han «'Detta fiksar me!'»

Bjørne var ein av initiativtakarane til etableringa av Regionkorpset i Indre Hordaland, og i samband med opninga av Hardangerbrua, var han ein av dei som organiserte musikken. Ikke berre jobba han med korpset, han var og ein av dei som skapte liv i seine nattetimar med rockebillygruppa Twang Gang.

Det er slik me kjenner Bjørne. Eit allsidigt ja-menneske som fiksar det meste. Ein verdig prisvinnar! Prisen er eit bilet med tittelen «Snart på hytta» av kunstnaren Kristian Finborud



17. MAI Eid fjord



- 1** Blid og stolt ordførar med folketoget.
Foto: Manfred Menze

- 2** Fin lita jente ventar spent.
Foto: Bergliot Maria Veivåg

- 3** Elise Herstad Wathne og Jorunn Lovise Helø heldt tale for dagen.
Foto: Manfred Menze

- 4** Å treffa spikaren på hovudet kan koma godt med seinare og.
Foto: Manfred Menze

- 5** For ein flott bukett.
Foto: Kjellaug Enge

- 6** Ikkje berre ungane som er fine.
Foto: Manfred Menze

- 7** Hurra for korpsset, og tredobelt hurra for dei nye musikantane.
Foto: Bergliot Maria Veivåg

- 8** Ordførar held tale og legg ned krans ved krigsminne.
Foto: Manfred Menze

- 9** Det er alltid fin frukost på Sæbø skule.
Foto: Aslaug Mæhlum

Pandoriaa

«Scrapbooking»

Hei kjære lesere, har du noen gang hørt om scrapbooking? Jeg vil gjerne få fortelle litt om min store lidenskap, scrapbooking, som nå er blitt en stor del av livet mitt. Det begynte for noen få år tilbake...

Mitt navn er Paulina Monasterska-Tronina. Jeg er fra Polen, men har hver sommersesong de siste 5 årene bodd og jobbet i Eidfjord.

Padoriaa, som er navnet på bloggen min, ble laget og basert på min lidenskap for det litt ukonvensjonelle. Jeg er en individualist som går mine egne veier, noen ganger en litt kronglete vei, men alltid unik. For tiden jobber jeg både som servitør og som scrapper. I hvert eneste prosjekt er jeg 100% dedikert. Jeg liker å omgås folk som støtter meg og motiverer meg til å jobbe hardere! Jeg gjør drømmene mine levende, steg for steg. Jeg elsker å skape og få frem følelser i det jeg gjør. Og jeg forelset meg helt i kort. I disse små prosjektene kan jeg fordype meg i og arbeide med en mengde små detaljer.

Det beste med scrapbooking er at du kan utvikle din egen stil ut fra din egen fantasi, følelser og erfaring – uten å være avhengig av hvor du bor eller kommer fra. Folk er forskjellige og alle har sin egen og helt unike stil.



**"Do what you love,
love what you do"
– er mitt motto :-)**

Tekst/ Foto: Paulina Monasterska-Tronina

Så selv om alle har tilgang til og mulighet til å bruke de samme «godbitene» for sin egen scrapbooking, vil sluttresultatet alltid bli litt forskjellig.

Det er en stor glede for meg å kunne være her i Eidfjord. Å kunne jobbe på det beste stedet med flotte mennesker. Jeg finner inspirasjon hver eneste dag rundt omkring her. Hvis du vil se noen av mine prosjekter, ta en titt her:

www.padoriaa.blogspot.com
www.facebook.com/Padoriaaa

Jeg er å treffe på Eidfjord Fjell og Fjord Hotel. Her er også noen av prosjektene mine utstilt og for salg. Kanskje det er noen her i Eidfjord med samme lidenskap for scrapbooking? Det hadde vært hyggelig om vi kunne jobbe sammen en gang og ta en kopp kaffe samtidig. Hører gjerne fra deg/dere.

Helt til slutt vil jeg få takke redaktøren av Eidfjord Nytt for positiv støtte og hyggelig velkomst. Jeg setter stor pris på muligheten til å presentere meg her. Besøk gjerne bloggen min, og kanskje en dag så får jeg mulighet til å treffe dere kjære lesere også i virkeligheten.

Ha en fantastisk dag!
Paulina Monasterska-Tronina



**Padoriaa
DT Lemonade**

Noko av arbeidet til Paulina Monasterska-Tronina



Statens vegvesen



2016-05-25

PRESSEMELDING

Nytt utsiktspunkt på Vøringsfossen – Nordre utsiktspunkt tilgjengelig for publikum fra i dag

Statens vegvesens turistvegseksjon er nå klar med første del av Fase 1 i oppgraderingsarbeidene ved Vøringsfossen, langs Nasjonal turistveg Hardangervidda. Etter klarsignal fra Eidfjord kommune åpner Nordre utsiktspunkt for publikum i dag, onsdag.

Det nye utsiktspunktet består av flere utsiktsplattformer som gir et spektakulært panorama direkte mot Vøringsfossen:

- På veg mot det ytterste utsiktspunktet passerer man en mindre brokonstruksjon som nok kan gi et sug i magen for enkelte, sier prosjektleder for Statens vegvesens oppgradering ved Vøringsfossen, Kjersti Wold.
Publikum kan med det nye utsiktspunktet nå bevege seg trygt og sikkert innenfor gjelder i området og få en flott opplevelse av Vøringsfossen.
- Det er også fint å se at anlegget begynner å ta form, og at prosjektets intensjoner om høy arkitektonisk kvalitet oppfylles, sier Kjersti Wold.

Byggearbeidene på hovedpunktet på Fossli vil fortsette i sommer, og hele byggetrinnet «Fase 1 Fossli» skal stå ferdig i 2017. De videre byggetrinnene med broen og Fossatromma skal bli bygget i perioden 2017-2020.

Det var i 2015 som Statens vegvesen begynte oppgraderingen av reiselivsikonet Vøringsfossen - en av Norges mest besøkte turistattraksjoner, men preget av langvarig slitasje og store deler uten sikring. Arbeidet med Vøringsfossen omfatter nye, sikre utsiktsplattformer og stier, ny gangbro ved fossen og andre forbedrede publikumsfasiliteter som parkering og toaletter.

Oppgraderingen av Vøringsfossen er en del av et storstilt utviklingsarbeid av fossene i Hardanger i regi av Statens vegvesen for å tilfredsstille turistenes krav og forventinger til sikkerhet og estetikk. I tillegg til Vøringsfossen omfatter dette arbeidet Skjervsfossen (åpnet 20. mai 2016), Steindsalsfossen (2013) og Låtefossen (2022).

Byggherre; Statens vegvesen, Turistvegseksjonen.
Hovedentreprenør; Mesta
Arkitekt; Carl-Viggo Hølmebakks

Kontakt:

Kjersti Wold, prosjektleder Vøringsfossen. Tlf: 414 32 971. Mail: kjersti@drivprosjektstyring.no
Per Ritzler, Turistvegseksjonen. Tlf: 91 10 44 80. Mail: per.ritzler@gmail.com

Attraksjonen Nasjonale turistvegar er 18 køyreturar gjennom praktfull norsk natur der opplevinga blir styrka med nyskapande arkitektur og tankevekkande kunst. Turistvegane går gjennom varierte områder med unike naturkvaliteter, langs kyst, fjord, fjell og foss.

Postadresse

Statens vegvesen
Turistvegkontoret
Postboks 1010 Skurua
2605 LILLEHAMMER

Kontoradresse

Statens vegvesen Region øst
Industrigt. 17
2600 Lillehammer

Tелефon

61 27 10 00

Telefax

61 25 74 80